



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Stord 31.01.2025
Dykkar ref. 202210762-5
Vår ref. 158000/1
Arkivnr.
Saksbehandlar Sture A. Karlsen
Sider 3

Dammar Staffivatn - rehabilitering - Detaljplan for miljø og landskap - endringssøknad

Vi syner til NVE si godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for ovannemnde prosjekt datert 2. desember 2022 samt dialog med Ole Per Schei gjennom e-postar datert 18. november og 12. desember 2024 samt telefonsamtalar høvesvis 19. november og 19. desember 2024.

Innleiing:

Vår opphavlege plan var å gjennomføre anlegget i 2023. Pga. at NVE ikkje kunne godkjenne innsendt teknisk plan, var det ikkje mogleg å halde denne framdriftsplanen. Revidert teknisk vart godkjent av NVE 28. november 2024. Vi legg no opp til å gjennomføre dei planlagde arbeida i 2025. I det høve arrangerte vi anbodssynfaring for inviterte entreprenørar 13. november. Under synfaringa kom det fram eit alternativt forslag til tilkomstveg til overløpstunnelen og hovuddammen som vi tidlegare ikkje har vurdert. Etter synfaringa har vi sett nærare på forslaget og funne at dette etter vår oppfatning er ei betre vegløyising enn den vi tidlegare har fått godkjent.

Omtale av endringsforslaget:

I staden for å byggje ein vel 600 m lang tilkomstveg frå Bjørnebølsbrakkva, vil vi i staden byggje vegen frå Blådalsvegen like på nordsida av hovuddammen og i den sørvendte lia ned mot utløpet av overløpstunnelen og damfoten til hovuddammen. Vegen vert om lag 210 m lang og ca. 4 m brei. Den vert bratt (ca. 1:5), men likevel farbar for anleggsmaskinar og firehjulsdrivne køyretøy. Planlagt plassering av vegen i terrenget er vist i vedlagt revidert arealbruksplan. Vi gjer merksam på at nøyaktig plassering av vegen vil bli gjort i samråd mellom byggherre og entreprenør med sikte på minst mogleg terrenginngrep og masseflytting. Det kan difor bli mindre justeringar av veglina som er synt i arealbruksplanen.

I godkjent detaljplan er det lagt til grunn at anleggsvegen skal fjernast etter bruk. I den reviderte planen legg vi opp til at vegen skal vere permanent. Då vi vurderte dette spørsmålet sist gong, og konkluderte med at vi ønskte å fjerne vegen etter anleggsdrifta, fann vi at føremonane med vegen var mindre enn ulempene.

Føremonane var – og er – lettare tilgang i driftsfasen til lekkasjemålehuset med sitt tekniske utstyr samt tappeventilen plassert i oppstraums ende av flaumløpstunnelen. Ulempene med vegen var permanente inngrep i myr samt ein forholdsvis lang veg å vedlikehalde. Når det nye vegalternativet vert vesentleg kortare, og kan byggjast i eit

område med låge naturverdiar, har vi no konkludert med at fordelane med ein permanent veg vil verre større enn ulempene.

Som ein følgje av denne endringa, vil det mellombelse massedeponiet ved Røytehølen òg måtte gå ut. Dette føreslåast erstatta av eit tilsvarande mellombels deponi-område ved avkøyringa til Staffi kraftverk, ca. 300 m sør for damanlegget ved Staffivatn.

I tillegg til endringane beskrive ovanfor er det gjort nokre mindre endringar i arealbruksgrensene som følgje av at tidlegare planlagt lekkasjemålesystem for sperredammen er gått ut. Vi har også justert grensa litt oppstraums overløpsdammen av di vi ser at denne var noko snau mtp. arbeidet som skal skje her.

Sjå vedlagt revidert arealbruksplan.

Omtale av biologisk mangfald i dei nye områda:

Multiconsult har utarbeidd eit notat med ei vurdering av det biologiske mangfaldet i dei to nye områda som vil bli tatt i bruk dersom endringssøknaden vert stetta. Dette gjeld områda for plassering av alternativ anleggsveg og mellombels massedeponi. Notatet følgjer vedlagt.

Føremonar ved endringsforslaget:

Den største føremonen ved endringsforslaget er at ein unngår inngrep i myra mellom Bjørnebølsbrakka og Røytehølen. Sjølv om inngrepet berre er meint å vere mellombels, kan istandsetjing av myr vere krevjande. Ein unngår òg inngrep i det sidebratte området ved Røytehølen. Her er det snakk om noko sprenging i fjellet og ein del utfylling i Røytehølen. Også her skal vegen fjernast, men nokre sår i terrenget vil stå att pga. fjellsprenginga. Planlagt område for mellombels massedeponi ved Røytehølen vert flytta frå eit urørt naturområde til eit område som alt er delvis sprengt ut og delvis fylt ut.


Ein annan føremon er at anleggsaktiviteten i området kan gjennomførast meir skjerma for hyttenaboane nord for Røytehølen.

For SKL gjer endringsforslaget at vi no får permanent vegtilkomst til lekkasjemålehuset og flaumløpstunnelen. Gjennomføringa av anlegget vil verte enklare og billigare av di anleggsvegen vert mykje kortare og ikkje treng fjernast.

Søknad om godkjenning:

Vi søker med dette om godkjenning av dei endringane i godkjent detaljplan for miljø og landskap som er beskriver i det føregåande og illustrert i vedlagt revidert arealbruksplan.

Med helsing
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS

A handwritten signature in blue ink that reads 'Sture A. Karlsen'.

Sture A. Karlsen
prosjektleder

Vedlegg: Arealbruksplan og notat med vurdering av biologisk mangfald